



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Til Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		17526/2011/K00	Ingunn Bekken Sjøholm	28.03.2011

## **NOU 2010:10 - høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune**

Det blir vist til e-post til saksbehandlar Julie Irene Bjørk den 21.03.2011 der departementet får tilsendt Møre og Romsdal fylkeskommune sitt saksframlegg og førebelse høyringsvar. Her vart det varsla ettersending av endeleg høyringsvar den 28.03.2011.

Fylkesutvalet gjorde i sitt møte den 28.03.2011 følgjande samrøystes vedtak i saka:

- NOU 2010:10 *Tilpassing til eit klima i endring* er eit godt utgangspunkt for å utvikle ein heilskapleg nasjonal politikk på området, og vil også vere ein nyttig reiskap for regionalt plan- og utviklingsarbeid. Fylkesutvalet sluttar seg til dei tre prinsippa for klimatilpassing og dei påfølgjande hovudtiltaka, jf. NOU 2010:10, kap. 1.1.
- NOU 2010:10 nemner forsuring av verdshava som eit potensielt katastrofescenario som kan få næringskjedene i havet til å bryte saman om få tiår. Utvalet påpeikar i meldinga at det heftar stor uvisse ved prognosane for ei slik forsuring av havvatn og eventuelle konsekvensar dette kan få for livet i havet. Utvalet tilrår difor ei målretta forskning for å framskaffe sikrere data om forsuring av verdshava og moglege konsekvensar for marine økosystem. Vidare tilrår utvalet at slik forskning blir driven på ein måte som framskaffar detaljerte dataseriar som kan brytast ned på regionalt og lokalt nivå. Fylkesutvalet vil peike på Runde miljøsentar som ein aktuell lokalitet for innsamling og systematisering av data om havforsuring og innverknad på livet i havet.
- Fylkesutvalet er einig i utvalet si tilråding om å styrkje plankapasiteten og plankompetansen i kommunane, slik at klimatilpassinga kan integrerast i arealplanlegginga. Fylkesutvalet vil samstundes nytte høvet til å peike på at arealplanlegginga er ein del av den samla samfunnsplanlegginga i kommunane. Det vil derfor vere like viktig å sikre at klimatilpassingsperspektivet kjem tydeleg fram i kommunen sitt samla arbeide med kommuneplanar, og at ein ikkje får ei einsidig vektlegging av arealplanlegginga.
- Av omsyn til brei deltaking og ei regional tilpassing, meiner fylkesutvalet det er viktig med ei geografisk spreiding av kurstilbodet. Fylkesutvalet tilrår at kompetansesenteret for Midt-Norge blir lagt til Kompetansesenteret for sol- og bioenergi på Tingvoll på Nordmøre.

- Det er positivt at utgreiinga ikkje berre tek opp utfordringane som klimaendringane gir, men også dei mulegheitene dette kan innebære med omsyn til ny næringsverksemd. Fylkesutvalet vil peike på at gode vilkår for innovasjon og omstilling er viktige føresetnader for at næringslivet kan tilpasse seg klimaendringane.
- Fylkesutvalet viser til rolla som fylkeskommunane har etter PBL om rettleiing og støtte til kommunane i deira planleggingsoppgåver, og meiner difor at også fylkeskommunane må tilførast ressursar om ein skal nå målet om kompetanseheving i den regionale forvaltninga. Utvalet har foreslått 10-15 mill kroner/år til styrking av Fylkesmannen si oppfølging og rådgiving av kommunane, og på same vis bør ein konkretisere kostnader knytt til fylkeskommunane sitt arbeid med klimatilpassing overfor kommunane.
- Fylkesutvalet vil understreke behovet for midlar til identifisering, kartlegging og dokumentasjon av kulturminne og overvaking av tilstanden på kulturminna. Vi er i dag i etterkant i vedlikehald av historiske bygningar og kulturminne generelt. Fylkesutvalet rår til at det blir utarbeidd ein handlingsplan eller beredskapsplan på nasjonalt nivå for betre å løyse dei utfordringane vi står overfor knytt til klima og kulturminnevern. I denne samanheng vil Fylkesutvalet sjå det som naturleg at Staten tek det økonomiske ansvaret for arkeologiske utgravingar.
- Utgreiinga gir ei god skildring av kor sårbar vass- og avløpssektoren er i forhold til klimaendringane, og fylkesutvalet støttar tilrådingane om nødvendige tiltak. Fylkesutvalet vil særleg peike på behovet for vass- og avløpsfagleg kompetanse og ressursar i kommunane. Klimatilpassingane gir generelt eit auka behov for naturvitarkompetanse i kommunane.
- Fylkesutvalet har merka seg at vedlikehaldsetterslep blir halde fram som ei utfordring for klimatilpassing. Etterslepet blir forsterka av klimaendringane. Kostnadene for samfunnet på sikt blir betydelege. Fylkesutvalet gjer difor merksam på vedlikehaldssituasjonen på fylkesvegnettet med tilhøyrande ferjekaier. Skal vi ha eit vegnett som er tilpassa både noverande og framtidig klima, m.a. rassikring, er det avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer.
- Fylkesutvalet er samd med utvalet si tilråding om å sikre skipstrafikken ved å styrkje trafikkovervaking og kontroll. Sjøområda utanfor Mørkysten er svært verdifull, også i nasjonal samanheng. På grunn av auka maritim trafikk i desse sjøområda, meiner fylkesutvalet at hamner, redningsteneste og beredskap i nordvest bør få ein særskilt prioritet. I denne samanheng må Stad Skipstunnel realiserast.

Med helsing



Olav Bratland  
fylkesordførar